



Arkivsaknr: 2025/9328-1
Sakshandsamar: Runar Bleie Bertheussen
Avdeling: Økonomi

SAKSFRAMLEGG

Gebyr- og betalingssatsar for 2026

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Ungdomsråd	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner gebyr- og betalingssatsar for 2026, slik det går fram av framlegg i vedlagte lenke til Framsikt:

<https://pub.framsikt.net/2026/alver/bm-2026-gebyr2026>

Særskilt vedtak:

Alver formannskap gjev si innstilling og legg ut forslag til ny gebyrforskrift for 2026 for plansaker, bygge-, dele- og dispensasjonssaker, oppmåling, eigarseksjonering og utslepp etter forureiningslova på offentleg ettersyn, jf. forvaltningslova § 37.

Alver kommunestyre vedtar Forskrift om gebyr for plan, byggesak, oppmåling, seksjonering, landbruk og saker etter forureiningsforskrifta for 2026. Forskrifta trer i kraft 01.01.2026.

Alver kommunestyre opphevar Forskift om gebyr for plan, byggesak, oppmåling, seksjonering, landbruk og saker etter forureiningsforskrifta, Alver kommune, Vestland FOR-2024-12-19-3519 med verknad frå 01.01.2026.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd.

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Gebyr- og betalingssatsar skal fastsetjast av kommunestyret kvart år i samband med budsjettbehandlinga. Inntektene er innarbeida i budsjettet. Inntektene er enten rekna ut etter sjølvkostprinsippet, det vil sei at abonnentane og brukarane betaler for det tenestene kostar, eller det er gitt satsar som delfinansierer det tenestene kostar.

Lågare satsar enn kva kommunedirektøren foreslår, krev politisk vedtak på auka kommunal med-finansiering i budsjettet for neste år.

Bakgrunn

Bakgrunn og heimlar for gebyr- og betalingssatsar går fram av prinsippa som formannskapet behandla i møte 11.11.21, sak 103/21. Sjå vedlegg.

Vurderingsgrunnlag

Framlegget til gebyr- og betalingssatsar slik dei er framstilt i Framsikt er oppdelt i følgjande hovudkapittel/gebyrområde:

1. Plan og byggesak
2. Oppmåling og seksjonering
3. Landbruk
4. Vatn og avløp
5. Renovasjon og feiing
6. Oppvekst
7. Pleie- og omsorgstenester
8. Kultur og idrett og leige av bygg og anlegg
9. Alkohol og diverse salsløyve
10. Graver og vigsel

Til desse kapitla kan det vere knytt kommentarar. Desse følgjer i så fall etter tabellane for gebyr- og betalingssatsar i kvart kapittel.

Prisauke frå 2025 til 2026

Der det ikkje er særskilt prisgrunnlag knytt til sjølvkost, avtalar med eksterne partar, andre vedtak som t.d. i nasjonale forskrifter eller andre særskilte årsaker, er det lagt til grunn ein prisauke på 3,5% frå 2025 til 2026. Dette basert på den kommunale deflatoren for kommunal sektor slik den går fram av statsbudsjettet.

Nedanfor følgjer kommentarar til dei ulike gebyrområda:

Plansaker, byggesaker, oppmåling, eigarseksjonering og utslepp, sjølvkost

Gebyrsatsar for plansaker, byggesaker, oppmåling, eigarseksjonering, handsaming av utslepp frå private avløpsanlegg vert fastsett i samsvar med forskrift om sjølvkost. Gebyrnivået er satt med utgangspunkt i 100 % sjølvkost, og skal dekke dei gjennomsnittlege kostnadene som kommunen har med å produsere ei bestemt teneste. Kommunen kan ikkje tene pengar på desse tenestene, og eit eventuelt overskot må nyttast til å sette ned gebyra dei påfølgjande åra, og eit eventuelt underskot må dekkast av kommunale midlar. For sjølvkostområda er gebyrinntektene i hovudsak satt basert på rapport frå Momentum. I rapporten er det gjort vurderingar på tal årsverk som skal arbeide innanfor sjølvkost for 2026 og nødvendige justeringar er gjort i budsjettet i samband med dette. Endring i årsverk er gjort basert på forventa saksmengd og årleg ressursbruk, og er noko justert etter budsjettgjennomgangen med Momentum og det som går fram av vedlagte notat.

Dersom satsane vert lågare enn det som ligg i forslaget til gebyrsatsar, så vil det krevje meir kommunal finansiering av tenestene, eventuelt må andre satsar innanfor same sjølvkostområde aukast tilsvarande den satsen som vert lågare.

Gebyra vert vedteke som lokal forskrift. Forskrifta vert lagt på offentleg ettersyn av formannskapet og ligg ute på heimesida til kommunen i perioden fram til vedtak i kommunestyret.

Utfordringar med sjølvkost:

Det er fleire faktorar som påverkar inntektene og graden av sjølvkost. Dei viktigaste faktorane er aktiviteten i marknaden og at kommunen har nok ressursar til å gjennomføre tenestene. Nedgang i aktivitet i form av innkomne søknadar/planar vil ha direkte konsekvens i forhold til inntektsnivået vårt.

Forslag til gebyrsatsar for plansaker, byggesaker (inkludert tilsyn og oppfølging av ulovleg bygging), oppmåling, eigarseksjonering og sakshandsaming og tilsyn for utslepp frå private avløpsanlegg:

I Framsikt er gebyra justert avrunda til næraste heile tal.

Prosentvis auke i gebyr utgjer det som gebyra totalt sett må auke med i 2026 for at inntektene skal dekke dei samla utgiftene kommunen har med dei ulike tenestene. Korleis auka er lagt inn på dei ulike satsane vil variere etter kva som er vurdert som rett nivå på satsane ut i frå sakstype, forventa saksmengd og tid- og ressursbruk.

Sakstype:	Endring i %:	Merknad:
-----------	--------------	----------

Plansaker	7,6 %	Gebyra dekker kommunen sitt arbeid med sakshandsaminga fram til planen vert lagt ut til 1.gangs offentleg ettersyn/høyring. 1 årsverk
Endra gebyr for 2026 11-02 Oppstartsmøte Auken reflekterer meir omfattande saksførebuing og tverrfagleg deltaking frå fleire fagområde i kommunen. 11-03 Oppstartsmøte - forenkla prosess Eige oppstartsmøte for planendring etter forenkla prosess når det er behov for avklaringar. Gebyret er sett lågare samanlikna med ordinært oppstartsmøte. 11-04 Undervegs møte Auken skal dekke reelt tidsforbruk og ressursbruk knytt til møter undervegs i planprosessen. 11-05 Ny Pakkepris – kr 56 454,- (60 % rabatt på eitt møte) Då satsen for undervegs møte aukar, må også pakkeprisen aukast. Dagens sats reflekterer ikkje reelt tidsforbruk og ressursbruk. Pakkeprisen opnar for at det vert gitt noko rabatt på undervegs møta. 11–13 Tilleggsgebyr ved areal over 20 dekar / fast sum per dekar Tilleggsgebyr skal sikre rettferdig fordeling av kostnader mellom små og store planområde. Endringa frå 25 daa til 20 der for å betre samsvare med arbeidsomfanget. 11-14 Nytt gebyr per 100 m ² bruksareal i konsentrert busetnad – sats kr 1 350,- Gebyret skal dekke auka planfagleg arbeid ved fortetting og utbygging i konsentrerte område. 11-16 Melding om manglar – kr 13 484,- Gebyret reflekterer tidsbruken ved omfattande rettleiing, oppfølging og gjennomgang av mangelfullt planmateriale. Satsen er justert etter tid- og ressursbruk då plansaker ofte omfattar meir komplekse dokument og fleire fagområde. Dagens sats er for låg, og administrasjonen opplever at dette kan føre til at kommunen blir brukt som ei sjekkliste av konsulentar som utarbeider planen.		
Byggesak	3,5 %	Gebyra dekker kommunen sitt arbeid med førehandskonferanse, sakshandsaming for bygge-, dele og dispensasjonssøknader. Tal årsverk for 2026 er redusert med 1,8.
<u>Endring i gebyr for 2026</u> 16-06 tilleggsgebyr førehandskonferanse som krev meir førebuing og avklaring mot andre fagområde og gjennomgang av arkiv		

16-14 Riving – ny sats med redusert prosent 12-13 satsane slått saman, tidlegare var det basisgebyr og tilleggsgebyr 12-17 større tilbygg/påbygg – ny sats for tilbygg/påbygg over 100 m2. Satsar justert og endra i forhold til tid- og ressursbruk med tenesta.		
Eigarseksjonering	6 %	Gebyra dekker kommunen sitt arbeid med sakshandsaming av søknader om seksjonering. Tal årsverk for 2026 vert redusert frå 0,3 til 0,2.
Oppmåling	28 %	Grensejustering, arealoverføring, oppretting av nye grunneigedommar etter matrikkellova. Redusert frå 3,6 til 3,2 årsverk med verknad frå 2026.
<u>Endring i gebyr for 2026</u> 22-07: endra til å gjelde inntil 2 punkt 22-08: endra frå og med 3 punkt 22-09: endra til å gjelde inntil 2 punkt 22-10: endra frå og med punkt 3 22-03 til 22-05 er auka og er i samsvar med gebyrsatsane for oppretting av grunneigedom i punkt 21-01 til 21-04. Satsar justert og endra i forhold til tid- og ressursbruk med tenesta.		
Utslepp av private avløpsanlegg inkludert kontroll	21 %	Gebyra dekker kommunen sine kostnader med arbeid med handsaming av søknader om utslepp og tilsyn med private avløpsanlegg etter forureiningslova.

Landbruk og vilt

1. Gebyr for handsaming av vedtak etter jordlova og konsesjonslova er fastsett i forskrift om behandling av konsesjons- og delingssaker § 2 og kan ikkje aukast. (gjeld punkt 31-01, 31-02 og 31-03)
2. Viltforvaltning gjeld avgift for fellingsløyve og det vert lagt inn ei auke basert på prisvekst med 3,5 % for 2026. (gjeld punkt 31-04, 31-05 og 31-06)

Andre gebyr

1. Gebyr for sakshandsaming etter Lov om havner og farvann er lagt inn i Framsikt, men fakturering og inntektene går til Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS og er omfatta av eiga forskrift FOR-2023-10-26-1730:

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2023-10-26-1730?q=forskrift%20bergen%20havn>

Alver kommunestyre vedtok desse gebyra i møte 15.12.2022. Bergen hamn melder at det ikkje er endring i gebyra for 2026.

2. Gebyr for utsending av matrikkelbrev har heimel i matrikkelforskrifta § 16 og kan ikkje bli auka. Det gjeld punkt 24-06 og 24-07 i gebyroversikta.

Vatn og avløp, sjølvkost

Dei samla gebyrinntektene for tenestene er meint å dekkje alle kostnadene kommunen har ved å yte desse tenestene, kvar for seg.

Kostnadene er sett saman av driftskostnader, lønskostnader og kapitalkostnader. Kapitalkostnadene er kostnader av investeringane (renter og avskrivningar). Investeringar følgjer av *Tiltaksplan investering vatn og avløp 2025-2034* (PS 91/2025), samt økonomiplan for investeringar. Investeringane byggjer på prinsippet om streng prioritering av prosjekta og utsetting av tiltak som vurderast forsvarleg å utsette.

KNARA hovudreinseanlegg med tilhøyrande overføringsleidningar er dei største pågåande investeringsprosjekta knytt til avløp pr. no. I Knarvik arbeidast det med ny infrastruktur i Bruvegen, og dette blir ein del av leidningstraseen til KNARA. Bygginga av sjølve reinseanlegget kjem i gang i 2026, og parallelt blir det jobba med prosjektering og gjennomføring av leidningstraséar, pumpestasjonar og overføringsleidningar frå Hilland til Kvassneset. Målet er å ha heile anlegget ferdig ila 2027.

Av andre større prosjekt kan ein nemne vass- og avløpsleidningar på strekket Myrvollane-Moldekleiv som blir avslutta i 2025 og vidare oppstart av Moldekleiv-Fosse i 2026. Arbeid i tilknytning til Mongstad base og vatn- og avløpsarbeid i Austmarka (med trykkauke mot Olsvoll) er andre større prosjekt som vil bli jobba vidare med i 2026.

Det er vedteke nokre endringar i utrekningsgrunnlaget for vatn- og avløpsgebyr i 2025. For vatn og avløp medfører mva-endringa 1. juli 2025 ein reduksjon i mva frå 25 % til 15%. I tillegg er maksimal levetid på anlegg endra, noko som opnar for lengre avskrivningstid på fleire anlegg i sjølvkostrekneskapen. Endringar i mva og endringa i levetid bidreg til ein reduksjon i gebyra.

Gebyret for vatn blir i 2026 redusert med 8 %. (I forhold til snittet i 2025 er reduksjonen på 11,8 %). Gebyra for avløp aukar trass i endra mva og endra levetidsberekningar. Auka skuldast store investeringar for å oppfylle reinsekrava. Auka i avløpsgebyra i 2026 er på 14 %, samanlikna med sats pr 1.7.25.

Alver kommune har innført månadleg fakturering for vatn og avlaup til innbyggjarar som ønskjer det, med unntak av kundar med vassmålar. Næringsbygg skal ha vassmålar, og private kundar kan installere vassmålar og betale etter målt forbruk.

Det er behov for nokre presiseringar i *Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune*, men det verkar ikkje inn på gebyrsatsane. Kommunedirektøren legg opp til at forskrifta vert lagt på offentleg ettersyn av formannskapet og ligg ute på heimesida til kommunen i perioden fram til vedtak i kommunestyret.

Brannverntilsyn og feiing, sjølvkost

Dei samla gebyrinntektene for brannverntilsyn og feiing i Alver kommune er meint å dekkja alle kostnadene kommunen har ved å yte tenesta. For 2026 er det rekna ut at normalgebyret ("standardgebyret") for brannverntilsyn og feiing bør setjast til 613 kroner. Dette er ei endring på 79 kroner frå 2025 til 2026.

Feiing er ei teneste som ikkje er momsbelagt.

Renovasjon og slamtømming, sjølvkost

NGIR sitt representantskap har vedteke ei tilråding, og budsjettet er difor under føresetnad av at gebyr vert godkjende i kommunestyra.

Dei sterkt auka prisane for handsaming av avfall, saman med auka krav om sortering, gjer at gebyra må aukast.

Renovasjonsgebyr: Prisane på tenester for handsaming av avfall har auka kraftig dei siste åra. Men fordi det er venta å stå kr 15,7 millionar kroner på utjamningsfondet for hushaldsrenovasjon ved inngongen til 2026, er det mogleg med ein auke i renovasjonsgebyret for 2026 med berre kr 15 pr. månad (3,3 %). For åra etter må gebyra aukast mykje meir om det ikkje vert gjort noko med kostnadene og måten renovasjon vert drive i NGIR området. NGIR vil difor ha ein full gjennomgang av tenestene og kostnadene knytt til dette, slik at me slepp den varsla gebyrauken på 28 % i åra 2027-29. Dersom foreslått gebyrauke vert følgd, vil utjamningsfondet vera kr 0 ved utgangen av 2029. Det blir arbeidd med å få fakturert renovasjonsgebyret månadleg, då dette vil vera enklare å handtera økonomisk for mange innbyggjarar. Får ein dei naudsynte systema på plass, blir det månadleg fakturering frå hausten 2026. Årsgebyr for ordinær renovasjon hushaldning vert auka frå 5400,- i 2025 til kr. 5580,- for 2026.

Slamgebyr: Slamgebyret er regulert av forskrift om sjølvkost og gebyret skal dekke alle utgifter NGIR har på området. Innsamling og handsaming av slam blir gjort av ekstern tilbydar etter offentleg anskaffing. Prisane på desse tenestene har auka sterkt dei siste åra og gebyret må difor aukast. Men utjamningsfondet for slam er venta å vera kr 734 763 ved inngongen av 2026 og dette gjer at gebyret kan aukast gradvis med mellom 3,6 % og 3,9 % pr år. Dersom ein følgjer foreslått gebyrauke i økonomiplan, vil utjamningsfondet vera kr 0 ved utgangen av 2029. Det vert arbeidd med å få fakturert slamgebyret månadleg, då dette vil vera enklare å handtere økonomisk for mange innbyggjarar. Får ein dei naudsynte systema på plass, blir det månadleg fakturering frå hausten 2026.

For tømming annakvart år inntil 4,5 kubikk aukar prisen frå kr. 1500,- i 2025 til kr.1560,- i 2026.

NGIR si oppstilling av gebyrgrunnlaget for slam og renovasjon ligg som vedlegg i saka.

Oppvekst

Det er lagt inn auke etter berekna kommunal deflator i statusbudsjettet på 3,5 %.
Unntak er makspris for opphald i kommunale barnehagar. Sats er i statsbudsjettet for 2026 foreslått fryst på same nivå som frå 1.august 2025.

Helse og omsorg

Kommunestyret sak 88/2024 vedtok innsparingstiltak i sektor helse og omsorg. Eitt av tiltaka handlar om matlevering. Endringa vart satt i verk frå 2025 og vert vidareført i 2026. Kommunen vidarefører tilbodet til alle som av medisinske årsaker treng spesialkost som til dømes feittreduert, ekstra næringstett eller most mat.

Kommunen vidarefører tilbodet til dei som har matlevering i omsorgsbustad med heildøgntenester.

Gebysatsane er generelt justert med kommunal deflator 3,5%. Øvrige satsar vert styrt av forskrift.

Kultur og idrett samt leige av bygg og anlegg

Innan kultur og idrett er det generelt gjort endringar basert på deflator 3,5 %. Prisar for "enkeltbillett symjing" er på same nivå som i 2025. Det lagt inn ei auke i klippekortprisar i tråd med foreslegne innsparingstiltak. Prisane er satt med 25% rabatt samanlikna med fullpris.

Erstatningskrava frå bibliotek er på same nivå som 2025 ettersom desse dekkar kostnaden for innkjøp av ny litteratur.

Kulturskulen sine prissatsar er revidert i tråd med foreslegne innsparingstiltak.

Alkohol og diverse salsløyve

Helse- og omsorgsdepartementet fastsett gebyr etter alkoholova § 7-1, ref. forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 6-2. Satsane vert oppdatert med nye statlege satsar per 1.januar 2026. For øvrige gebyrsatsar gjeld kommunestyret sak 57/2024 Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2024-2028. Endringar er justert i framlegg til gebyrsatsar.

Graver

Alver kyrkjelege felleusråd har tidlegare gjort vedtak om at festeavgiftene skal bli endra i tråd med den forventa prisveksten. Oppdatert gebyrliste vart vedtatt i kommunestyret i

september 2025 (PS114/2025), og disse satsane er no oppdaterte med kommunal deflator 3,5% til 2026-satsar.

Gebyret under kjem i tillegg til gebyra vedtatt i september.

			Sats 2025	Sats 2026
98-15	Festeavgift 20 år for busett utanfor kommunen – gjeld ved reservering av grav	Pris per grav i 20 år	11 320	11 716

Vigsel

Gebyr for borgarleg vigsel er regulert i [Forskrift om kommunale vigsler - Lovdata](#). Forskrifta seier at det skal vere «gratis for kommunens egne innbyggere og for personer som ikke er bosatt i Norge, men som oppfyller vilkårene for å inngå ekteskap her.» Forskrifta seier vidare at kommunen kan ta betaling for nødvendige kostnader utover det ordinære tilbodet. Hittil har tilbodet i Alver vore gratis for alle. Med dei nye satsane vil kommunen får dekkja inn ekstra utgifter til reise og overtid når vigselen vert gjennomført andre plassar og utanom ordinær arbeidstid. Kommunen vil også ta betaling når par frå andre kommunar ønskjer å gifte seg i Alver.

Vedlegg

- 1 1 Gebyr og betalingssatser - prinsipp
- 2 Saksprotokoll _ Sak 22_21, Festeavgifter
- 3 Momentum Budsjettnotat Vatn, avløp og feiing/branntilsyn - Alver kommune 2026 (2025_09_26)
- 4 Momentum Budsjettnotat AREALFORVALTN- Alver kommune 2026 (2025_09_12)
- 5 Kommunal saksførebuing til budsjett 2026 - gebyr slam
- 6 Kommunal saksførebuing til budsejtt 2026 - gebyr renovasjon